Prøveforelesing og disputas: Lektor i kunst og handverk

Karen Brænne

Mellom ord og handling
Om verdsetjing i kunst og handverksfaget

Tid: 11. desember 2009
Stad: Store auditorium,
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo,
Maridalsveien 29

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
The Oslo School of Architecture and Design

Program

kl. 10.00 Prøveforelesing

Velkommen!
Introduksjon til dagens program ved seremonimester,
Professor i arkitektur Bjørn Sandaker (AHO).

Kandidaten held prøveforelesing med tittelen:

Kvalitetsnormer og vurderingskriterier. Utfordringer i forhold til ny vurderingspraksis i læreutdanningen (45 min.)

*** pause ***

kl. 12.00 Disputas

Komiteen presenterer si evaluering av prøveforelesinga

Kandidaten presenterer avhandlinga:

Mellom ord og handling. Om verdsetjing i kunst og handverksfaget (maks. 30 min.)

Fyrsteopponent
Professor Hilde Aga Ulvestad
disputerer med kandidaten.

*** pause (30 min) ***

Questions ex auditorio
(Spørsmål skal overrekkast seremonimester i pausen).

Andreopponent
Fyrsteamanuensis Frøydis Oma Ohnstad
disputerer med doktoranden.

****pause****

Avslutning av dagens program
Komiteen presenterer den endelige evalueringa av doktorandens forsvar.

Kandidaten

Karen Brænne (1974) er utdanna Faglærar i Forming, og har Hovudfag i Forming frå Høgskolen i Oslo. Ho har fleire års undervisningserfaring frå allmennlærarutdanninga ved Høgskulen i Volda, og arbeider no ved same institusjon under avdeling for Kulturfag, seksjon for Kunst og handverk. Som doktorgradsstipendiat arbeidde ho både ved Høgskulen i Oslo og Høgskulen i Volda. Ho er ein aktiv deltakar i forskarnettverket DesignDialog.

Samandrag

Med ein case frå norsk allmennlærarutdanning som kjeldegrunnlag, gjev denne avhandlinga innsikt i korleis lærarar og studentar verdset ulike sider ved den skapande verksemda. Verdsetjingskonstruksjonane vert drøfta ut frå sosiale og historiske føresetnader. Fleire former for ambivalensar vert synlege i empirien, der tilhøvet mellom intensjonar og praktisering – tilhøvet mellom ord og handling, er eit kjernepunkt. Originalitets- og autensitetsimperativet pregar intensjonane, medan praktiseringa speglar felles konvensjonar. Studentarbeida viser tydelege referansar til konkretiseringar frå lærarhald, og har også internt slektskap. Eit anna hovudmoment ved drøftinga vert omtalt som individualisme-tendensen. Gjennom ein historisk inngang belyser teksten korleis fleire røyster held på eit individ-frigjeringsprosjekt. Dette har røter attende til byrjinga av 1900-talet, og det var då stor opposisjon mot det kollektive og lite humane disiplineringsidealet. Spørsmålet vert kor lenge ein slik opposisjon skal vare, og om andre opprør vert nødvendige ettersom den opphavlege opposisjonen vert til nye, ideologiske prosjekt og vedtekne sanningar.

Komiteen

Fyrsteopponent: Professor Hilde Aga Ulvestad, Høgskolen i Telemark

Andreopponent: Fyrsteamanuensis Frøydis Oma Ohnstad, Høgskolen i Oslo

Administrator: Professor Per Farstad, Høgskolen i Telemark